



Aust Agder Fylkeskommune
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref.:
2016/771-2

Sakshandsamar:
Tallak Hoslemo
tallak.hoslemo@bykle.kommune.no

Dato
09.11.2016

EIN NY REGION AGDER - HØYRING.

Rapporten om ein ny region Agder inneheld mange gode tankar om ei samla god utvikling på Agder. Nedanfor vil Bykle understreke nokre punkt som bør fokuserast/vurderast særskilt.

I drøftingar kring ein ny region Agder er Bykle kommune oppteken av at ein har fokus på utvikling og utviklingskraft. Struktur og plassering av funksjonar og ressursdisponering i heile den nye region Agder er viktige i så måte.

For Bykle kommune er det viktig at det vert sett handling bak ord om å take heile Agder i bruk. I dagens godt utvikla kommunikasjonssamfunn, med bruk av nye moderne løysingar, er dette godt gjennomførbart.

Dette gjev gode argument for at ein i samband med fordeling av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar også ser på Bykle og Setesdal som aktuell for plasseringar.

Bykle er ein kommune som gjennom bruk av naturen og naturressursar genererer store verdier til beste for lokalsamfunn, landsdel og nasjon. Forvaltning av desse ressursområda bør tilleggast dei områda der verdiane vert skapt.

Inntekter frå konsesjonskraft bør også i framtida nyttast til utvikling i distrikta.

Fokus på gode kommunikasjonsårer gjennom samarbeidet nemnt som «ankeret» må ligge fast. Ein desentralisert skulestruktur på vidaregåande nivå, betyr veldig mykje for både utdanningsmuligheiter for lokal ungdom og lokale kompetansesenter/kompetansearbeidsplassar.

Med helsing
Bykle kommune



Jon Rolf Næss
ordfører